

BUSTADSOSIAL HANDLINGSPLAN FOR HØYANGER KOMMUNE

**Vedtøken av Høyanger kommunestyre den 25. 08 2015, sak nr.
xx/2015**

Dette dokumentet er Høyanger kommune sin handlingsplan.

1. INNLEIING	3
1.1 Visjon	3
1.2 Mandat og målsetjing	4
1.3 Målgrupper	5
1.4 Type bustader	5
1.5 Statlege føringar	5
1.6 Lovverk.....	5
1.7 Universell utforming.....	7
2. KARTLEGGING AV MÅLGRUPPA.....	7
2.1 Generelt.....	7
2.2 Fysisk funksjonshemma.....	9
2.3 Psykisk funksjonshemma	9
2.4 Personar med andre funksjonshemmingar	10
2.5 Personar med rus- og psykiatri diagnosar	10
2.6 Personar med sosiale- og økonomiske vanskar	10
2.7Flyktningar	10
2.8. Andre grupper	11
3. FORVENTA BEFOLKNINGSUTVIKLING I HØYANGER KOMMUNE.....	12
4. BUSTADER OG BUTILHØVE I HØYANGER KOMMUNE.....	12
4.1 Kommunale bustader	12
4.2 Prisfastsetjing i leigemarknaden	13
4.3 Den private leigemarknaden.....	13
5. ØKONOMISKE VERKEMIDDEL	17
5.1 Personretta verkemiddel.....	17
5.1.1 Startlån	17

Bustadsosial handlingsplan - Høyanger kommune

5.1.2 Bustøtte	18
5.1.3 Prosjekteringstilskot	19
5.1.4 Bustadtilskot	19
5.2 Prosjektretta verkemiddel - Tilskot til sjukeheim og omsorgsbustader	20
5.2.1 Investeringsstilskot.....	20
5.2.2 Grunnlån Husbanken.....	
6. TILTAK	21
6.1 Utbyggingsstrategi, bumiljø og samordna bustadteneste.....	21
6.2 Prioritering av tiltak.....	21
7. RULLERING AV PLANEN.....	21

1. Innleiing

I Høyanger er det naudsynt med ein gjennomgang av organisering og ansvarsfordeling når det gjeld å skaffe bustad til dei som treng det mest. Det same gjeld oppfølging og utvikling av bukompetanse til dei som treng det.

Ein ser at det er behov for ein plan som omhandlar trong for bustader og organisering av desse tenestene. Ein slik plan vil ikkje berre sikre målgruppa betre tenester, men også gi oversikt over behovet på lengre sikt. Dette vil igjen gi betre høve til samordning av tenester og langsiktig økonomisk planlegging

1.1 Visjon

Å ha ein tilfredsstillande stad å bu er eit grunnleggande behov og ein føresetnad for helse, utdanning, arbeid og samfunnsdeltaking. Å ha ei adresse er ofte også ein føresetnad for å kunne ta imot nødvendige velferdstenester. Heimen er knytt til ei rekke andre sider ved livet, og har betydning for identitet.

Ein bustad er ein av dei viktigaste føresetnadane for mennesket sin velferd og livskvalitet.

1.2 Mandat og målsetjing

Planarbeidet har følgjande mandat:

- Ei målsetting for arbeidet er å legge til rette for at dei som ynskjer det, skal få høve til å eige sin eigen bustad.
- Kartlegge kommunal bustadmassen og vurdere utnyttinga av denne
- Gå gjennom og vurdere korleis kommunen nyttar Husbanken sine låne- og Tilskotsordningar.
- Vurdere korleis kommunen har organisert det bustadsosiale arbeidet og behovet for oppfølging til dei som har vanskar på bustadmarknaden
- Utarbeide oversikt over behovet for ulike typar bustader og andre butiltak til grupper med vanskar på bustadmarknaden
- Vurdere behov og tiltak for universell utforming i kommunen sin bustadmasse opp mot behovet
- Planen skal innehalde ei vurdering av tiltak som ombygging, kjøp/sal, endra disponering av den kommunale bustadmassen og gjere framlegg om nybygg
- Drøfte korleis kommunen skal løyse akutte bustadbehov
- Planen skal gjelde frå 2015 til 2019.

1.2.1 Organisering

Arbeidsgruppe for planarbeidet er følgjande:

Representantar for helse og omsorg, PLU og NAV.

Rådmann har ansvar for å utarbeide planen.

1.2.2 Mål for planarbeidet

Ein bustadsosial handlingsplan skal medføre at kommunen får:

- a) Auka kunnskap om bustadbehov i kommune
- b) Auka kunnskap om statlege verkemiddel
- c) Ein bustadpolitikk som er meir samordna mellom sektorane
- d) Betre utnytting av kommunen si bustadmasse
- e) Meir målretta og effektiv bruk av verkemidlar
- f) Større effektivitet ved å samordne ressursane

Bustadsosial handlingsplan i Høyanger kommune skal:

- a) Gje ei kort utgreiing om generelle innbyggjar- og butilhøve i kommunen
- b) Kartleggje og lage ei oversikt over behovet for ulike typar bustader og butiltak for ulike vanskelegstilte grupper
- c) Vurdere kommunen sine ordningar for bruk av låne- og tilskotsordningar
- d) Vurdere og kome med framlegg til kommunen si organisering av det bustadsosiale arbeidet og tenesteyting i tilknytning til bustadene
- e) Vurdere og kome med framlegg til ny organisering av tildeling av bustader
- f) Lage ein plan for oppføring av bustader for ulike målgrupper
- g) Synleggjere og stette krav til universell utforming.

1.3 Målgrupper

Målgrupper for planen er eldre over 80 år, personar med demens, fysisk og/eller psykisk utviklingshemma, personar med andre funksjonshemmingar, personar med rus- og/eller psykiatridiagnosar, sosialt og/eller økonomisk vanskelegstilte, unge i etableringsfasen og flyktningar.

1.4 Type bustader

Bustader er omsorgsbustader, avlastningsbustad, og bustader for andre grupper
Institusjonsplassar er ikkje direkte omhandla i denne planen.

1.5 Statlege føringar

”En god bolig er grunnlaget for en anstendig tilværelse, og vil ofte være avgjørende for nnbyggernes helse og deltakelse i arbeidslivet.” (St.meld. nr. 20 (2006-07) Nasjonale strategier for å utjevne sosiale helseforskjeller.)

Det vert poengtert at ”Et godt sted å bo er en viktig forutsetning for integrering og deltakelse i samfunnet.”

I eit rundskriv frå Kommunal og regionaldepartementet i 2010 vert det sagt at: ”Den nye plan- og bygningsloven som trådte i kraft 01.07.2010 skal medvirke til at boliger og bygg skal være sikre, og hensynet til universell utforming, miljøvern og god kvalitet skal stå sentralt i byggevirkksomheten.”

Bustaden sin betydning for velferd og levekår – (frå NOU 2011:15 Rom for alle)

Det overordna målet i bustadpolitikken er at alle skal bu godt og trygt. Samtidig er bustad eit velferdsgode. Om det er mogleg å skaffe seg ein god bustad, vil ofte vere avhengig av evnene og ressursane til å agere i marknaden.

Bustadsosiale utfordringar er ofte ikkje berre relatert til låg inntekt, men også til helseproblem, redusert funksjonsevne, rus og diskriminering. Tidlegare var sosial bustadpolitikk i stor grad eit spørsmål om bustadforsyning. I dag bur dei fleste godt og trygt, men dette gjeld ikkje alle. Den sosiale bustadpolitikken er no i større grad eit spørsmål om å hjelpe einskildpersonar og familiar til ein tilfredsstillande busituasjon, og oppretthalde denne over tid. Utviklinga har gått frå det å ha bustad, til det å bu.

Om vi bur, korleis vi bur, og kor vi bur, er levekårsfaktorar som påverkar livssituasjonen vår. Å sikre ein god busituasjon for personar som skrivast ut frå spesialisthelsetenesta, har betydning for vellykka rehabilitering etter avslutta behandling. Ein god busituasjon har betydning for muligheitene personar med redusert funksjonsevne har for sosial inkludering, for eldre si muligheit til å bu lenger i eigen heim, for flyktningar sin moglegheit til å bli integrert i det norske samfunnet, for rusmiddelavhengige si muligheit til betre helse og eit verdig liv, og for tidlegare domfelte sin sjanse til å leve eit liv utan kriminalitet. Det bustadsosiale handlingsrommet ligg i eit skjeringsfelt mellom velferdspolitik, helsepolitikk og integreringspolitikk.

1.6 Lovverk

Ansvaret for å ha ein tilfredsstillande bustad ligg i utgangspunktet hos den enkelte. Kommunen har likevel ansvar for å medverke til å sikre ein tilfredsstillande bustad til dei som

ikkje kan ivareta egne interesser på bustadmarknaden. Dette kan skyldast økonomiske, sosiale, helsemessige eller meir samansette forhold.

I planarbeidet er det viktig å ha med seg formålsparagrafane i dei to lovene som regulerer kommunen sitt ansvar på bustadområdet

Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsetaten

§ 1 Lovens formål

Formålet med loven er å bedre levekårene for vanskeligstilte, bidra til sosial og økonomisk trygghet, herunder at den enkelte får mulighet til å leve og bo selvstendig, og fremme overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltakelse i samfunnet.

Loven skal bidra til at utsatte barn og unge og deres familier får et helhetlig og samordnet tjenestetilbud. Loven skal bidra til likeverd og likestilling og forebygge sosiale problemer.

Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester

§ 1-1. Lovens formål

Lovens formål er særlig å:

1. forebygge, behandle og tilrettelegge for mestring av sykdom, skade, lidelse og nedsatt funksjonsevne,
2. fremme sosial trygghet, bedre levevilkårene for vanskeligstilte, bidra til likeverd og likestilling og forebygge sosiale problemer,
3. sikre at den enkelte får mulighet til å leve og bo selvstendig og til å ha en aktiv og meningsfylt tilværelse i fellesskap med andre,
4. sikre tjenestetilbudets kvalitet og et likeverdig tjenestetilbud,
5. sikre samhandling og at tjenestetilbudet blir tilgjengelig for pasient og bruker, samt sikre at tilbudet er tilpasset den enkeltes behov,
6. sikre at tjenestetilbudet tilrettelegges med respekt for den enkeltes integritet og verdighet
7. bidra til at ressursene utnyttes best mulig

Kommunane sitt spesifikke ansvar finn vi i Lov om kommunale helse – og omsorgstjenester § 3-7 og Lov om sosiale tjenester i Arbeids- og velferdsetaten § 15 og § 27.

Det er viktig å merke seg at kommunen etter § 27 har ansvar for å skaffa mellombels Husvære til personar eller familiar i akutte naudsituasjonar. Plikta er avgrensa til å sørge for mellombels tak over hovudet, og kommunane er ikkje pålagd å skaffa permanente bustader.

§ 3-7 Boliger til vanskeligstilte

Kommunen skal medvirke til å skaffe boliger til personer som ikke selv kan ivareta sine interesser på boligmarkedet, herunder boliger med særlig tilpasning og med hjelpe- og vernetiltak for dem som trenger det på grunn av alder, funksjonshemming eller av andre årsaker.

§ 15. Boliger til vanskeligstilte

Kommunen i arbeids- og velferdsforvaltningen skal medvirke til å skaffe boliger til vanskeligstilte personer som ikke selv kan ivareta sine interesser på boligmarkedet.

§ 27. Midlertidig botilbud

Kommunen er forpliktet til å finne midlertidig botilbud for dem som ikke klarer det sjølv

1.7 Universell utforming

Definisjonar: Universell utforming er utforming av produkt og omgivnader på ein slik måte at dei kan brukast av alle menneske, i så stor utstrekning som mogeleg, utan behov for tilpassing og ei spesiell utforming. (The Center for Universal Design ved North Carolina State University) Universell utforming er utforming eller tilrettelegging av hovudløysinga i dei fysiske tilhøva, også informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) slik at verksemdas alminnelege funksjon kan nyttas av flest mogeleg. (Diskriminerings- og tilgjengelighetslov § 9).

Nødvendig for nokon, bra for alle

Universell utforming handlar om å skape eit meir inkluderande samfunn. Det skal ikkje vere spesialtilpassing til enkeltpersonar eller grupper, men løysingar som sikrar god tilgjenge og er brukande for alle.

Eit universelt utforma bygg er ikkje berre lett å bevege seg og orientere seg i, men også sunt å opphalde seg i. Ein stor del av befolkninga har til dømes luftvegsproblem og andre helseplagar som kan komme av dårleg inneklima. Det er viktig å planleggja med universell utforming heilt frå starten, slik at løysingane vert så gode som mogleg.

2. Kartlegging av målgruppa

2.1 Generelt

Målgruppa for bustadsosial handlingsplan femner vidt. Det er ein menneskerett å få dekkja sitt behov for å bu, og det overordna målet i bustadpolitikken er at alle skal bu godt og trygt. Systematisert kunnskap om målgruppa og utfordringar har vore ein særskild viktig del av planarbeidet for å målrette det bustadsosiale arbeidet i Hyllestad kommune. I dette arbeidet har både kunnskap om utviklingstrekk i samfunnet og den spesifikke situasjonen no og framover i kommunen vore viktige områder for kartlegginga.

St.m. nr.25 (2006); ”mestring, muligheter og mening”, og Omsorgsplan 2015 Meldinga har fokus på framtidens omsorgsutfordringar. I Omsorgsplan 2015 vert strategiar i høve korleis møte desse utfordringane presentert. Tiltaka gjeld først og fremst perioden fram til 2015 men har og eit tidsperspektivet fram mot 2050.

Dei viktigaste utfordringane framover vert venta å vere:

- vekst i yngre brukargrupper med nedsett funksjonsevne
- behovsvekst som fylgje av eit aukande tal eldre - vil krevje utbygging av kapasitet og auka kompetanse på aldring med spesielt fokus på demens og samansette lidningar
- trong for betre medisinsk og tverrfagleg oppfølging spesielt i høve demens, kroniske og samansette lidningar, psykiske vanskar og andre med behov for koordinerte tenestetilbod frå både 2.linja og den kommunale helse- og sosialtenesta.
- eit større fokus på psykososiale behov jf. daglegliv, måltid, aktivitet.
- auke i behov innan demens stiller store utfordringar i høve planlegging og individuell tilrettelegging i tenestetilbod.

Endringar etter samhandlingsreforma

Ny helse og omsorgslov kom 01.01.2012 og med den samhandlingsreforma.

Høyanger kommune har ikkje opplevd særleg utfordringar med omsyn til kapasitet til å ta imot pasientar som er ferdigbehandla på sjukehus.

Kartleggingsmetode på individnivå

Husbanken Vest sin ”Veileder for kartlegging av vanskeligstilte med boligbehov” har vore nytta som kartleggingsverktøy.

Alle opplysningar er innhenta på bakgrunn av kjenneskap tenesteapparatet har til enkeltpersonar/familiar i registreringsperioden, og der det er eit kjent behov grunna lite tilfredstillande butilhøve no eller inntil fire år fram i tid. Kartlegginga er basert på tenestene sine vurderingar, både når det gjeld situasjonen i dag og naudsynte tiltak 4 år fram i tid. Vi må vere merksam på at kartlegginga gir eit bilete av Høyanger kommune i registreringsperioden. Situasjonen er i stadig endring, og det kan vere mørketal.

Følgjande grupper er med i kartlegginga:

Økonomisk vanskelegstilte (økonomi hovudårsak til bustadproblem)

Flyktningar

Fysisk funksjonshemma

Psykisk utviklingshemma

Personar med psykiske lidningar (diagnose frå lege/kontakt med behandlingsapparatet)

Rusmisbrukarar (kontakt med behandlingsapparatet eller erkjent misbruk)

Sosialt vanskelegstilte

Andre funksjonshemmingar (t.d. aldersdemens)

Kartlegginga er basert på at husstandane oppfyllte minst eitt av dei følgjande kriteria:

utan eigd eller leigd bustad

har eit leigeforhold som står i fare for å opphøyre

ueigna bustad

store bistands- eller oppfølgingsbehov som krev annan bustad eller særleg oppfølging for å behalde noverande bustad

Eldre over 80 år, flyktningar og unge i etableringsfasen er ikkje kartlagde gjennom kartleggingsverktøyet, viss dei ikkje oppfyller målgruppene og kriteria over.

2.2 Personar med demens

Høyanger kommune har eigen avdeling på sjukeheimen med 8 plassar tilrettelagt for personar med demens. Kyrkjebø sjukeheim har to bugrupper med tilsaman 12 plassar for alderspsykiatri og demens.

Demensplan 2015 «Den gode dagen» omtalar ulike demenslidningar som ei av dei største utfordringane fram mot 2050. Dette har samband med auka levealder og endra alderssamansetnad. Framskrivingar av folketalet i Høyanger tyder på at talet eldre over 80 år vil vere stabilt fram mot 2020 for deretter å auke fram mot 2030

2.3 Fysisk funksjonshemma

Jamfør St.m. nr.25 (2006); ”Mestring, muligheter og mening”, og Omsorgsplan 2018 , vil ei av dei viktigaste utfordringane framover vere ein vekst i yngre brukargrupper med nedsett funksjonsevne.

Målgruppa er for liten til at tal kan publiserast.

2.4 Psykisk funksjonshemma

Det bur i dag 7 personar over 16 år med ei psykisk utviklingshemming i Høyanger. Det er ikkje eksakt tallfesta kor mange personar under 16 år med utviklingshemming som bur i Høyanger. Det er personar som grunna vidaregåande skule har flytta til andre kommunar og har blitt buande etter ferdig vidaregåande skule.

Alderssamansettinga tilseier at det om 20 år vil sannsynleg bu færre personar i denne målgruppa i Høyanger. Det kan vere eit behov for bustader for denne gruppa, men behova til unge funksjonshemma er planlagt å kunne verte dekkja av omsorgsbustadane som vart bygt på 90-talet.

Bustadar for personar med nedsett psykisk funksjonsevne samt multifunksjonshemma Høyanger kommune har 2 bustadar for personar med nedsett funksjonsevne. Desse ligg i Lavik. Det er ingen i Høyanger og på Sørsida.

Kommunen har ein avlastningsbustad i Høyanger omsorgssenter. Behovet for avlastning er størst for born og i periodar med skulefri.

Kommunen tilbyr omsorgsbustader, kommunale utleigebustader samt at nokre skaffar seg bustad sjølv hjå familie eller i den ordinære bustadmarknaden.

I alle bustadane yter kommunen nødvendige tilpassa tenester. Bustadrådgivingsgruppa vert rådspurd i personlege saker der det er behov for tilrettelegging samt søknad om lån og tilskot. Kommunen har ikkje særskilte bustadar for denne målgruppa utanom Lavik. Ein ser ein tendens til at fleire flyttar frå kommunen når dei nærmar seg vaksenalder, nokre for å gå på vidaregåande skule. Dei søker bustad i bufellesskap eller samlokaliserte bueiningar. Ein har ikkje kartlagt årsakene til denne «utflyttinga».

Kommunen kan synest å trenge nokre sjølvstendige, fullverdige bueiningar i samlokalisert fellesskap for dei mest omsorgstrengjande personane innafor denne målgruppa. (JF «Plan for avlastning og bustadtilbod for funksjonshemma 2008 – 2022»). Det ser ut til at behovet er nokolunde stabilt. Medrekna i dette samlokaliserte fellesskapet ligg avlastningsbustadar, bustadeining som personalbase, samt sosial arena. Slik samlokaliserte bustadar fremmar fleksibilitet og ein kan nytte bustadane også til barnebustad og treningsbustad. Berre når bustadane er tildelt som permanent bustad, låser det for fleksibilitet.

Personar med mindre omsorgsbehov bør og skal søkje bustad i den ordinære bustadmassen. Samlokaliserte bustadar for denne målgruppa sikrar betre kvalitet på tenesta. Ein kan få til sosial møteplass og aktivitetar der brukarane sjølv kan velje å delta. Det medverkar til å bryte

einsemd, stimulere fysisk aktivitet og trivsel samt auke meistringsevne og livskvalitet. Brukarane har sin eigen fullverdige bustad og kan velje vekk fellesskapet. Samlokaliserte bustadar vil også bidra til å sikre kvaliteten på den tenesta som vert ytt gjennom å redusere risikoen for overgrep, sikre stabilitet, førebyggje utbrentheit, fremmar arbeidsmiljøet samt er ressursparande.

2.5 Personar med andre funksjonshemmingar

Under denne gruppa kjem personar med kroniske sjukdommar som kan vere invalidiserande som t.d. MS, Parkinsons sjukdom, revmatisme osv.

2.6 Personar med rus- og psykiatri diagnosar

Utfordringa for denne gruppa kan vere både bukomptanse og å klare å halde på eigen bustad grunna økonomi og at det er vanskeleg å komme inn på den private utleigemarknaden. Det er ei gruppe i kommunen med stort oppfølgingsbehov. Dei fleste bur i private bustader og treng mellom anna bustadoppfølging. Det er pr. i dag ikkje registrert akutte bustadbehov. Med press i leigemarknaden, kan denne målgruppa lett falle utanfor. Utfordringa for denne gruppa kan vere både bukomptanse og å klare å halde på eigenbustad grunna økonomi og at det er vanskeleg å komme inn på den private utleigemarknaden.

2.7 Personar med sosiale- og økonomiske vanskar

I 2014 mottok 105 personar i Høyanger kommune økonomisk sosialhjelp. Mottakarane av økonomisk sosialhjelp har fått økonomisk rettleiing.

Høyanger kommune har økonomisk rådgjevar i NAV kontoret. Det er 27 personar som får bistand i gjeldsak og 26 personar har avtale om frivillig forvaltning av økonomien.

Det er ikkje gjort vedtak om bustadtilskot til tilpassing eller etablering. Vedtaka gjeld i hovudsak flyktningar.

Vedtak etter sosiale tenester om mellombels bustad grunna ein akutt situasjon.

Det er ingen ny utfordring, men mangel på gjennomgangsbustader gjer det vanskeleg å arbeide med einskilde brukarar og ungdom spesielt.

2.7 Flyktningar

Høyanger kommune busette 46 personar i 2013 og 2014 (6 av desse vart busett i 2015 – etterslep frå 2014).

I dette talet er det familiar med mor og far og born, familie utan far, vaksne einslege og familiesameinte. Mange yngre personar som skal ta utdanning. Personane kjem frå Somalia, Irak, Eritrea og Etiopia.

Ei familiesameining på 4 personar i 2015 som er komt. Høyanger kommune skal i tillegg busetja 10 personar i 2015. Busetting i 2016 vert å komme attende til i desember 2015.

Pt bur desse personane i hovudsak i kommunesenteret Høyanger.

Bustadsosial handlingsplan - Høyanger kommune

I Høyanger er heile kommunen utpeikt som busetjingsområder. Pt har vi busett i Vadheim og på Torvund.

Høyanger kommune har ikkje mangel på tilgjengelege bustadar for busetting. Problemet er å finne ledige husvære utanfor kommunesenteret d.v.s Kyrkjebø og Vadheim. Pr d.d. har vi tilgang på ein større bustad i Vadheim og to mindre. Når det gjelder Lavik har vi ikkje gjort noko utspel i høve enno.

Mange av personane kan ha problem med å komme seg ut av dei kommunale utleigebustadene og inn på den ordinære bustadmarknaden – mykje på grunn av økonomi (manglande arbeidsinntekt).

Men det er personar som kunne ha flytta ut av desse bustadane d.v.s som har økonomi til det. Det er behov for rådgiving på dette feltet. Det er noko som bør nedfellast i planen. Høyanger kommune nyttar seg av kommunale hus, husvære som er eigd av Høyanger bustadstifting og i husvære som kommunen leiger av private når vi buset flyktningar. Høyanger kommune har bufaste flyktningar.

Vi har lite flytting frå kommunen. Rask gjennomgang viser at 8 personar har flytta ut sidan 2011. Når Høyanger kommunen har busett 100 personar inkl familiesameining sidan 2008 så er det lite flytting.

Sogn og Fjordane har dei minst bufaste flyktningane i landet. Berre halvparten av flyktningane som kjem til Sogn og Fjordane bur i den same kommunen fem år etter at dei kom. Det syner ein fersk rapport frå Statistisk sentralbyrå (SSB). På dei neste plassane følgjer Troms (61 prosent bufaste) og Oppland (67 prosent bufaste).

Desse tala viser at me har behov for å utvikle strategiar for å få flyktningane til å bli verande. Dei er ein viktig ressurs for kommunen. I Høyanger er heile kommunen utpeikt som busetjingsområder for denne gruppa. Det er og ei utfordring å få flyktningane til å busetje seg permanent i kommunen.

Normalisering og integrering er utgangspunktet og det er difor ynskjeleg med fokus på busetting i den private bustadmarknaden. Ein ynskjer ikkje å bidra til stigmatisering ved å busetje flyktningar utelukkande i kommunaleigd bustadmasse. Busetjing av flyktningar privat er godt integreringsarbeid.

Det å få hjelp til å kjøpe eigen bustad gjer at fleire kan få ein meir sjølvstendig busituasjon. Det vil og dempa presset på dei kommunale utleigebustadane. Dette er relevant for flyktningfamiliar som etter ei viss butid i Norge har etablert seg i arbeidslivet og betrar sin økonomiske situasjon.

2.8. Andre grupper

Kommunale bustader vil og, utan at dei inngår i det bustadsosiale arbeidet, vere ein ressurs for å dekke bustadbehov for andre grupper. Arbeidssøkande/arbeidsinnvandrarak vil ofte ha bruk for ein overgangsbustad, andre vil kunne ynskje å prøvebu og i rekruttering av nøkkelkompetanse vil næringsliv og kommune kunne ha behov for bustader. Sjølv om mange

Bustadsosial handlingsplan - Høyanger kommune

av desse vil kunne ha grei innpass i den private marknaden så syner det seg at eit godt dimensjonert kommunalt tilbod vil vere til god nytte. Kommunale bustader har vore og vert og i mindre grad nytta til desse gruppene og er eit element å ta med i vurdering av det samla kommunale bustadtilbodet. Varierende behov og unytta kapasitet hjå dei prioriterte gruppene kan nyttast til andre grupper.

I denne kategorien er det også born i fosterheim som etter at dei vert vaksne vil ha behov for oppfølging og bistand frå m.a psykiatri og NAV.

3. Forventa befolkningsutvikling i Høyanger kommune

Den 31.12.2014 var det registrert 4169 innbyggjarar buande i kommunen. 01.01.2012 var folketalet 4216 og den 01.01.2014 var folketalet 4183.

I SSB si framskriving vil folketalet i 2040 i Høyanger vere:

Alt. 1: middels nasjonal vekst	3806
Alt. 2 høg nasjonal vekst	4402
Alt. 3: høg netto innvandring	4191
Alt. 4: låg netto innvandring	3659

Den demografiske utviklinga er utfordrande for Høyanger. Med alternativet middels nasjonal vekst vil talet på eldre over 67 år auke frå 758 i 2015 til 1109 i 2040.

Talet på eldre aukar sterkt med dei utfordringane det ber med seg. Stabilisering eller auke i folketalet må kome gjennom innvandring. I tillegg vil meir busetjing av flyktningar kunne føre til auke i folketalet i kommunen til liks med andre kommunar i fylket.

4. Bustader og butilhøve i Høyanger kommune

4.1 Kommunale bustader

Vi har pr. i dag 92 kommunale bustader. Dette er rekkehus, blokker og burettslag. Alle ligg i Høyanger sentrum bortsett frå 2 bueiningar som ligg i Lavik.

Omsorgsbustadene – er kommunale på Sørsida og i Lavik. Omsorgsbustadene i Høyanger er eigd av Høyanger bustadstifting.

I Storgata 10 er det 26 omsorgsbustader, og i Storgata 8 er det 8 stk.

Lavik har 12 stk omsorgsbustader i Lavik Helsesenter, og på Sørsida Bygdetun er det 10 stk omsorgsbustader. Kyrkjebø sjukeheim har tre omsorgsbustader.

Oversyn over husvære det er inngått leigeavtale mellom Høyanger kommune og Høyanger Bustadstifting.

Adresse:	Storleik husvære /tal rom	Innflyttings-klart frå:	Disponerast av:	Pris pr. mnd.
----------	---------------------------	-------------------------	-----------------	---------------

Bustadsosial handlingsplan - Høyanger kommune

Skoglund 2	BTA.156 / ?.roms	01.01.2015		
Skoglund 7,	BTA.90 / 4.roms	01.01.2015		
Bøvegen 7	BTA.229 / 5. roms	15.01.2015		
Øvrevegen 8, nr.1	BTA.90 / 3. roms	01.03.2015		
Øvrevegen 8, nr.2	BTA.132 / 5. roms	01.03.2015		
Hålandsvegen 12, nr. 1	BTA. 73 / 3. roms	01.08.2015		
Hålandsvegen 12, nr. 2	BTA.138 / 5. roms ?	01.08.2015		
Storgata 33, deler av 1. etg.	BTA. Yttermål 170m2	Frå primo 2016		
Storgara 33, 2. etg.	BTA. 170m2/2x2 roms	Frå primo 2016		
Storgata 33, 3. etg.	BTA. 170m2/2x2 roms	Frå primo 2016		
Storgata 33, 4. etg.	BTA. 170m2/1x3 roms	Frå primo 2016		

Husleiger for kommunale husvære spenner seg frå kr. Ca 3500 til i underkant av 7000,-

4.2 Prisfastsetjing i leigemarknaden

I Hjetlandsbakkane og Dalebøen følgjer vi husleigesatsane som vert sett av styret i burettslaget, elles vert prisen bestemt av kommunestyret. Prisen på kommunale husvære bør difor vere mest mogleg i samsvar med marknadsprisen.

For lågt nivå på husleiga vil vere ein bremsande faktor både når det gjeld privat utleige, men òg knytt til motivasjon for leigetakar til å skaffe seg eigen bustad

Bustadstiftinga sine omsorgsbustader er å rekne som gjennomgangsbustader, og skal prioriterast til eldre og funksjonshemma, og er meint som gjennomgangsbustader.

Kommunen sine bustader har vore tenkt til bustad for tilsette.

Her bør lagast nye tildelingskriteria.

Det er etterslep på generelt vedlikehald og oppdatering til dagens standard.

Det er mest etterspurnad etter husvære i Høyanger. Det er viktig at kommunen har eit tilbod til personar som har trong for rimeleg husleige, til desse får rom for sjølveigd husvære/bustad.

4.3 Den private leigemarknaden

Den private marknaden er liten. Nokre av utleigeobjekta på privat marknad er utanfor tettbygd strøk, og dermed mindre tilgjengeleg for m.a. flyktningar som ikkje har førarkort.

Den kommunale marknaden bør tilpassast den private med tanke på leigepris og standard, ein er avhengig av kvarandre for å få til større fart på bustadmarknaden. Det må vere eit langsiktig mål at fleire eig enn leiger, samstundes som det er nok husvære på leigemarknaden for dei som ikkje ønskjer å eige av ulike årsaker (lærlingar, pendlarar, ulike

etableringsfasar m.v.).

Behov for nye bustader

Kommuneplanen sin samfunnsdel har målsetting om årleg folketalsvekst på 0,5%. Denne målsettinga ligg til grunn for kommunen si vurdering av bustadbehov og for tilrettelegging for bustad i planperioden. Behovet for tilrettelegging av areal til bustad blir også vurdert opp mot eksisterande arealreservar i gjeldande planar, samt eit mål om å oppretthalde ei geografisk fordeling i bustadtilbodet.

Ved inngangen av 3. kvartal 2013 hadde Høyanger kommune eit folketal på 4225. Ein årleg folketalsvekst på 0,5% gir i utgangen av planperioden i 2026 eit folketal på 4484, altså ein auke på ca. 250 innbyggjarar. Om ein reknar i snitt 2,5 personar pr. hushald gir det eit behov for ca. 100 nye bustadar i planperioden. Forventa utvikling og behov er illustrert i tabell nedanfor.

Bygdelag	Folketal 2013	Folketal 2026	Tal behov nye bustadar.
Høyanger	1912	2026	45
Austreim-Tronvik	774	820	18
Vadheim	360	382	9
Lavik m/Lavikdal	413	438	10
Høyanger sørside	360	382	10
Anna	406	430	10
SUM	4225	4478	102

I 2013 var det registrert 2411 bustadar i Høyanger kommune. Ca. 2/3 av desse er i tettbygde strøk og ca. er 66 % einebustadar. Kommunesenteret har i hovudsak ein eldre bustadmasse. I perioden 1970 til 1990 vart det etablert bustadfelt på Kyrkjebø, Austreim, Tronvik, Vadheim; Lavik og Dale i Høyanger. Etter 1990 talet har det kunn vore enkeltvis bustadbygging i kommunen.

Bustader som vert nytta til anna føremål

Eit stort tal registrerte bustadar blir nytta til anna føremål enn bustadføremål, i hovudsak som fritidsbustad. Dette kan gi eit potensiale for å dekke framtidig bustadbehov i eksisterande

Bustadsosial handlingsplan - Høyanger kommune

bustadmasse, men vil truleg vanskeleg la seg gjennomføre. Størst tal bustadar som blir nytta til fritidsbustad og liknande finn ein i mindre sentrale område i kommunen (sjå tabell nedanfor).

Tettstad	Tal bustadar totalt	Registrerte bustadar ikkje nytta til primærbustad	%
Høyanger	815	89	11%
Kyrkjebø/Austreim	289	45	16%
Vadheim	161	38	24%
Lavik	70	15	21%
Lavikdalen	85	34	40%
Ikjefjord	40	20	50%
Bjordal	51	18	35%
Søreide/Østerbø	32	13	40%
Ortnevik	29	14	48%
Norevikane/Bogen	34	7	21%
Torvund/Aven	31	12	39%

Arealreservar til bustadføremål i gjeldande arealplanar er gjennomgått. I tillegg har ein kartlagt ferdig regulerte og byggeklare tomter. Høyanger kommune har ikkje avsett areal til spreitt bustadbygging i LNF område i gjeldande planar.

Byggeklare tomter i dag

Gjeldande planar har ein teoretisk kapasitet på 70 tomter (sjå tabell nedanfor). I praksis er dette talet ca. 25, da fleire av tomtene ikkje er byggt teknisk realiserbare. Mange av tomtene ligg også lite attraktivt og vanskeleg til.

Areal avsett til etablering av nye bustadfelt

I tillegg er det er det areal avsett i kommunedelplan eller reguleringsplan på Austreim, Kyrkjebø, Vadheim og Lavik som gir moglegheit for å realisere mellom 50 og 100 nye bustadeiningar, alt etter kva utbyggingsalternativ ein vel.

Som ein kan sjå av tabellen nedanfor står kommunesenteret Høyanger utan arealreservar til bustad. Høyanger sørside har arealreservar, men desse har lite relevant geografisk plassering/spreiing.

Område	Areal avsett i KP	Areal avsett i RP	Ferdig oppmålte tomter
Høyanger	-	-	-
Austreim	62 daa	-	-
Kyrkjebø	13 daa	-	-
Tronvik	20 daa	15 daa	13 (3 nedanfor veg)
Indredalen (Vadheim)	47 daa	24 daa	27 tomter
Nedre Hovland (Vadheim)	13 daa	8,5 daa	-
Øvre Hovland (Vadheim)	9,5 daa	1,5 daa	-
Sentrum (Vadheim)	5 daa	4,5 daa	5 tomter
Lavik	5 daa	19 daa	19 tomter
Sørsida samla	38 daa	10 daa	6 tomter

Framtidig bustadbehov blir i store grad dekkja gjennom eksisterande arealreservar for områda Lavik og Vadheim, samt aksa Tronvik - Austreim.

I kommunesenteret Høyanger er det i denne planen satt av areal til einebustad på Øvre Dale. Samtidig opnar ein for eit meir variert bustadtilbod i område avsett til sentrumsføremaal og/eller fornyingsområde (omsynssone).

På Høyanger sørside er det i denne planen opna for nytt bustadområde i Bjordal. I tillegg har ein tilbakeført bustadareal til LNF i Ikkjefjord. Sistnemnde med bakgrunn i forventa behov, samt ønskje om ei større geografisk spreieing av bustadområde.

Nye bustader planlagd etablert ved spreidd utbygging

Totalt vil ein då ha tilgjengeleg areal for bustadbygging i alle bygdelaga på Høyanger sørside (med unntak av Søreide) i kommande planperiode. I tillegg er det lagt til rette for 7 område for spreidd utbygging med moglegheit for oppføring av til saman 19 nye einingar.

Område	Formål	Forslagsstiller	Tal nye einingar/daa
Bjordal (B 96)	Bustad	Steinar Holen	5
Dale i Høyanger (B 99)	Bustad	Høyanger kommune	15-20
Lavikdalen (LSB 2)	LNF spreidd bustad	Høyanger kommune	1
Ortnevik (LS 1)	LNF spreidd generell	Høyanger kommune	3
Hest (LS 2)	LNF spreidd generell	Høyanger kommune	2
Massnes (LS 4)	LNF spreidd generell	Høyanger kommune	3
Lavikdalen (LS 5)	LNF spreidd generell	Høyanger kommune	5
Klævold (LS 7)	LNF spreidd generell	Høyanger kommune	5
Lavikdalen (LS 6)	LNF spreidd generell	Høyanger kommune	2

Om ein tek omsyn til både arealreservar og nye område avsett til bustad er det ein moglegheit for å realisere mellom 100 og 150 nye bustadar i Høyanger kommune i planperioden 2014- 2018.

5. Økonomiske verkemiddel

5.1 Personretta verkemiddel

5.1.1 Startlån

Kommunane kan søkje Husbanken om midlar til utlån. Høyanger kommune har avtale med Sparebanken Sogn og Fjordane, som administrerer startlåna til kommunen.

Startlån skal tildelast husstandar med langvarige problem med å finansiere eigen bustad og etter behovsvurdering. I vurderinga skal kommunen leggje vekt på om søkjaren har nytta

høvet til sparing innafor dei økonomiske moglegheitene søkjaren sine inntekter og nødvendige utgifter til livsopphald gir.

Husstandar som har problem med å dekke buutgiftene, kan søkje refinansiering når det vil kunne bidra til at dei kan bli buande i eigen bustad.

Den som får startlån ev. som ei delfinansiering saman med bank, må kunne betene lånet over tid og framleis ha nødvendige midlar til eige livsopphald.

5.1.2 Bustøtte

Bustønad er ein statleg økonomisk stønadsordning som blir administrert av Husbanken. Bustønad er ei stønadsordning som har som føremål å medverke til at eldre, uføre og barnefamiljar med svak økonomi skal kunna kjøpa eller bli buande i ein god og teneleg bustad. Bustønad er behovsprøvd ut frå forholdet mellom buutgifter og husstanden si samla inntekt.

Det kan vere enkelte som ikkje får bustønad, sjølv om dei slit med dårleg økonomi. Det må finnast rom for desse òg, samt at ein administrativt og politisk arbeider inn mot departement og Husbank for å bøte på dette. Kommunane gjev rettleiing og registrerer søknadane. Formålet med ordninga er å hjelpe husstandar med høge buutgifter og låg inntekt, som slit med å betale buutgiftene, til å etablere seg og bli buande i ein trygg og god bustad. Alle over 18 år som leiger eller eig bustad kan få bustønad. For studentar utan barn og personar i førstegongsteneste gjeld egne reglar då desse har andre ordningar for stønad til bustad. Kor mykje bustønad ein kan få, er avhengig av dei reelle buutgiftene og inntektene i husstanden. Bustaden må vere ein heilårsbustad med eigen inngang, bad/toalett, kjøkkenfunksjon og plass til kvile. Det er fastsett øvre grense for kva buutgifter som kan leggst til grunn, og også ei øvre inntektsgrense. Dette betyr at same kor høge buutgifter husstanden har, vil ein ikkje få bustønad dersom inntekta er over den øvre inntektsgrensa.

Bustadrådgivingsgruppe

Høyanger kommune har etablert bustadrådgivingsgruppe noko som er ei landsomfattande ordning.

Fleire eldre og personar med funksjonsnedsetting ynskjer i dag å bu heime i egen bustad så lenge som mulig. I tillegg har samhandlingsreforma ført til at ein forventar at fleire menneske med helse- og omsorgsbehov vil kunne ta imot nødvendige tenester i eigen heim. Behovet for å gjere bustadane meir tilgjengelige, er stort. På landsbasis er berre ti prosent av bustadane tilgjengelige for rullestolbrukarar. Auka tilgjenge gir auka sjølvstende og mindre behov for tenester hjå brukaren, det fører til betre tilrettelegging for tenesteytinga i heimen når dette er nødvendig, og med det betrar arbeidsbelastninga for tenesteytarane. Det er god samfunnsøkonomi å leggje til rette bustadane. Tilskota frå Husbanken er et gode virkemiddel for å få dette til.

Bustadrådgjevingsgruppa gjev rådgiving til eldre og personar med funksjonsnedsetting og som har, eller vil kunne få problem med å fungere i eigen bustad, personar som ønskjer å førebyggje meistringssvikt i eigen bustad samt personar som har økonomiske vanskar og treng råd og

retteleing i forhold til finansiering. Ein kan også gje råd og rettleing til offentleg og privat bustadprosjekt. Tilgjenge og universell utforming står sentralt.

Gruppa vurderer tomter og tilkomst til bygg og nybygg, samt bustadtiltak i staden for hjelpemidlar som heisar og ramper. Rådgivinga omhandlar rettleing ved tilrettelegging av eksisterande bygg, utviding, tilbygg samt nybygg. Ein gjev råd og rettleing i høve husbanken sine låne- og tilskotsordningar som utrednings-, prosjekterings-, etablerings- og tilretteleggingstilskot samt råd om saksgang i byggesaker.

Organiseringa av bustadrådgivingstenesta i kommunane skal sikre betre bustadløysningar. Fokus er på samarbeidet mellom de ulike aktørane og etatane som har et ansvar for tilpassing av bustadar og består av ergoterapeut, tenesteeining fysikalsk medisin og rehabilitering, økonomikonsulent, stabseining økonomi, og ingeniør, seksjon for plan- og byggesak. Brukar og andre aktuelle aktørar vert kalla inn til møter etter behov.

I Høyanger har bustadrådgivingsgruppa handsama gjennomsnittleg 4-5 saker pr år der sakene har hatt varierende omfang. Ein har hatt 4 -5 møter og i tillegg arbeidsmøter med brukar, arkitekt, entreprenør/ handtverkarar mv. I 2014 - 2015 har kommunen disponert omlag kr 1.000.000,- i tilskotsmidlar og handsama 19 lånesøknader, av desse er 10 innvilga. Målet er at denne innsatsen bør aukast for å nå sentrale målsettingar med å førebyggjande meistringssvikt i eigen bustad.

5.1.3 Prosjekteringstilskot

Ved behov for spesialtilpassing av i bustad på grunn av nedsett funksjonsevne, kan det søkjast om tilskot frå Husbanken med tilråding frå kommunen. Det kan ystast tilskot til utgreiing for å vurdere kva tilpassingar som er mogleg å få til i bustaden og kostnadskalkyle. Tilskotet til prosjektering skal nyttast til arbeidsteikningar, materialliste m.m. Kvart av tilskota er på inntil kr 20.000,-, og spesielle tilfelle kan det gjevast høgare tilskot.

5.1.4 Bustadtilskot

Husbanken tildeler kommunane midlar etter søknad kvart år.

Tilskot til etablering skal medverke til at vanskelegstilte skal kunne etablere seg på bustadmarknaden. Tilskotsmidlane er avgrensa, og målretta bruk er viktig. Tildelinga skal gjerast etter ei økonomisk behovsprøving. Behov og kor mykje tilskot som skal gjevast i kvar sak bør sjåast i samanheng med høvet til forlenga nedbetalingstid på startlånet. Ved behandling av søknadane frå kommunane vil Husbanken prioritere dei kommunane som har dei største bustadsosiale utfordringane. Tilskotet vert avskrive med 5 % for kvart avslutta år. Tilskot til tilpassing nyttast til enkel tiltak og større ombyggingar/tilrettelegging av nye og eksisterande bustader. Ordninga er økonomisk behovsprøvd ut frå ei heilskapsvurdering av søkjaren sin økonomiske situasjon. Husbanken har i brev av 17.12.14 påpeika at den økonomiske behovsprøvinga har vorte praktisert strengt i mange kommunar. Det vert understreka at personar med vanleg økonomi kan vere i målgruppa for tilskotet. Tilskotet til tilpassing vert avskrive med 10 % for kvart avslutta år.

5.2 Prosjektretta verkemiddel - Tilskot til sjukeheim og omsorgsbustader

Kommunen søkte sist,2010/2011,tilskot til omsorgsbustader i samband med at bygging av tre omsorgsbustader i underetasjen på Kyrkjebø sjukeheim.

5.2.1 Investeringstilskot

Investeringstilskotet skal stimulere kommunane til å fornye og auke tilbodet av heildøgns helse- og omsorgstenester. Tilskotet vert tildelt kommunane gjennom Husbanken.

Tilskotet kan nyttast til:

- økt kapasitet av sjukeheim og omsorgsbustader både til korttids plassar og langtidsopphald
- ombygging og utbetring av gamle og ueigna bygningar
- fellesareal nødvendig for å oppnå heildøgns teneste i eksisterande omsorgsbustader
- innstallering og prosjektering av heis, sprinkelanlegg, samt ulike tiltak knytt til velferdsteknologi i eksisterande byggmasse
- døgnomsorgsplassar til personar med behov akutt bistand.

Maksimalt tilskot kan ikkje overstige 45 prosent av godkjente kostnader for omsorgsbustader og 55 prosent av tilsvarande kostnader for sjukeheimplassar.

Tilskot frå Husbanken til utleigebustader:

- Tilskot til oppføring eller kjøp av utleigebustader skal bidra til å skaffe og sikre eigna bustader for vanskelegstilte på bustadmarknader.
- Tilskotet kan ikkje overstige 40 % av godkjent prosjektkostnad.

Prioriterte område:

- Utleigebustader av god kvalitet
- Utleigebustader til flykningerutleigebustader i eigna bumiljø for barn og unge.

5.2.2 Grunnlån i Husbanken

Grunnlån skal i følgje Husbanken fremje gode kvalitetar i nye og eksisterande bustader, skaffe bustader til vanskelegstilte og husstandar i etableringsfasen samt sikre naudsynt bustadforsyning i distrikta. Grunnlånet kan nyttast til å byggje nye bustader, utbetring av bustader, ombygging av bygningar til bustader, og kjøp av nye og brukte utleigebustader for prioriterte grupper. Det blir stilt krav til kvalitet, miljø og universell utforming for å få grunnlån.

Ein kan òg søkje om grunnlån til barnehagar, studentbustader og andre lokale, som grendehus og felleslokale som er ein naturleg del av bumiljøet. Søknaden skal sendast til Husbankens regionkontor.

Husbanken kan gi grunnlån på 80 % av prosjektkostnadene eller salsprisen dersom prosjektet tilfredsstiller kriteria for universell utforming og miljø. Ved utbetring kan grunnlånet utgjere inntil 100 % av dei utbetningskostnadene Husbanken godkjenner.

Privatpersonar, utbyggjarar, bustadbyggjelag, burettslag, kommunar, fylkeskommunar, selskap og stiftingar kan søkje om grunnlån.

Husbanken gir som hovudregel ikkje lån til refinansiering av bustadgjeld. Husstandar som slit

økonomisk og som står i fare for miste bustaden sin pga svak økonomi, kan søkje kommunen om startlån til refinansiering slik at husstanden kan bli buande i bustaden.

Husbanken gir som hovudregel ikkje lån til allereie oppførde bustader. Vanleg saksgang er at ein må søkje om lån før byggjestart. Når vilkåra for lån er oppfylt, gir Husbanken lånetilsegn om grunnlån

6. Tiltak

Høyanger kommune er blitt eigar i selskap ved at det er kome ei oppmoding om å delta med kapital, anten som tilskot eller ved å kjøpe aksjar. I nokre tilfelle har Høyanger kommune aktivt gått i lag med andre eigarar for å fremje eit bestemt formål til gagn for kommunen, t.d. etableringa av Høyanger Næringsutvikling AS.

6.1 Utbyggingsstrategi, bumiljø og samordna bustadteneste

I strategiarbeidet vidare bør kommunen vurdere å samle kommunale eigedommar i eit kommunalt føretak. Då vil ein få større fokus på og mogelegheiter for vedlikehald og oppfølging på bustadsida.

Strategisk tomtepolitikk må setjast på dagsorden og attspeglast i kommunen sine planar

I budsjettarbeid

- Lage nye tildelingskriteria for kommunen sine bustader
- Fleire gjennomgangsbustader for familiar
- Vedlikehald av kommunale bustader
- Regulere prisen for kommunale husvære i samsvar med prisane på den private marknaden

Auke fokus på burettleing og ombygging og utbedring av gamle bygningar gjennom tverrsektorielt tilbod til flyktningar, personar innanfor rus/psykiatri og andre vanskelegstilte. tilfella og har medført gode både for kommunen og for samfunnet elles.

6.2 Prioritering av tiltak

Følgjande tiltak bør prioriterast:

- Strategiarbeid for ein heilskapeleg kommunal bustadpolitikk
- Utbedring av eksisterande kommunal bustadmasse.

7. Rullering av planen

Bustadsosial plan bør rullerast ein gong i kommunestyreperioden.

Tiltaksplanen bør rullerast kvart 2.år slik at tiltak kan innarbeidast i økonomiplan og budsjett.